

«Ut på tur 2015» i Vats

Tur til Krakkanuten (450 m.o.h.)

Kjør om lag 1,5 km frå Knapphus mot Ølen langs E 134 til Øvre Vats bedehus som ligg på oppsida av sykkel- og gangstien ved Alvseike. Her står info.tavle m/kart og opplysningar om tur til Krakkanuten og til Vatnedalen og vidare til Austreim i Skjold.

Start: Parkeringsplass ved Øvre Vats bedehus

Avstand: Om lag 2,5 km opp til varden – 5 km tur-retur

Tidsbruk: 1t 10 min opp og 40 min ned. **Tur/retur: om lag 2 t**

Vanskegrad: Blå tur – familietur, men noko bratt traktorveg oppover lia.

Terreng: God traktorveg 1,4 km oppover gjennom kulturbeite og deretter går stien over i godt rydda, merka og skilta sti heit fram til toppen.

Opplysningar: Frå bedehuset går du sørover langs sykkel- og gangstien ca 500 m til du kjem til ein litt høg hekk før du kjem til ein raud løebygning. Skilt i enden av hekken.

Følg stien langs sørsida av hekken oppover til gjerdeklyvar. Då kjem du inn på skogsvegen som går oppover gjennom kulturbeite og beitande dyr.

Vegen er noko bratt og tung, men ta det med ro og nyt utsikta over bygda når du har trong for å få pulsen ned. Flott utsikt over bygda heile vegen opp til toppen.

Bruk gjerdeklyverar eller lukk grindane dersom du må bruka desse.

Ta omsyn til eventuelt beitande dyr langs vegen.

Hugs bandtvang for hundar.

Stort sett fint å gå, men nokre våte parti like før du når toppen..

13.august 1952 gjekk det eit stort jord- og steinras ved Sjurseike som tok med seg løa til Johannes og Anna Sjurseike og for vidare ned til Vatsvatnet. Dette raset starta ved Smørdokk etter svært kraftige regnbyger. **Sjå info.skilt ved Smørdokk.**

Panoramautsikt frå varden.

Fottøy: Vanlege tette sko – joggesko eller fjellsko.